



Robert framfo grua på Dønhaug saman med bryggjarane Kjell Magne Haugland, Kjell Yri, Kjell Tunesvik og Kristian Olav Bringedal

Ein av dei mest trufaste songarane på Dønhaug opp gjennom åra har Robert Smith-Hald frå Pennsylvania vore. Ikveld vert han å høyra i kjedlaren att, saman med gitaristen Vegard Henanger. Men denne gongen har han varma opp på ein spesiell måte, som rådsgjevar for Humlepungen som har bryggja juleølet idag.

Bryggjing er Roberts andre store lidenskap, faktisk i den grad at han denne veka har gått over til å verta bryggjar på full tid - for Hansa. Så har han da også 3 sigrar i NM bak seg. Og han har vore dommar 2 gongar i Kvinnheradmeisterskapen i ølbryggjing.

- Vi trudde det var læraryrket som skulle vera framtidsyrket ditt,, sa uskedalen.notil Robert då han sat og kalkulerte ingrediensar i ølet med den største presisjon i ettermiddag.
- Det trudde eg og, men då jobben som drivar av mikrobryggerietWaldemar i Kalfaret vart annonsert kunne eg ikkje anna enn å senda inn ein søknad. Det gjorde også 31 andre, men eg vann og denne veka har eg starta. Det er eit spesielt samantreff - også ein gong tidlegare har det vore eit Halds byggeri i Bergen. Men det var så langt attende som rundt det førre århundreskiftet.

Grunnen til at jobben på Waldemar no vart ledig var at han som dreiv det vart pensjonist. Bryggeriet ligg i tilknytning til restauranten Terminus og er det einaste i sitt slag i byen.

- Men korleis går det så med trubaduren?
- Han lever vidare og kjem med ny plate til våren, opplyser Robert og heldfram med dei gode og sakkyndige råda. Bryggjarane gjev uttrykk for at dei er rørt

over at eksperten vil hjelpe dei. Men dei kan mykje sjølv også etter 15 år som amatørbyggjarar!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Rådgjevar Robert kalkulerar og bryggjar Kjell Magne følgjer intenst med